



SKANSEKAIA I 1914: Bergenske «Cometa» i Syd-Amerika Linjen, lengst til venstre, laster klippfisk. Bakanfor ligg Spanskelinjens «Salamanca» som laster for Middelhavet. I forgrunnen haugesundsbaåten «Quindslan». Ålesund var da landets tredje største fiskeeksportby og landets overlegent største fiskevær. Etter maleri av Petter Hovden, henta frå boka.

# Fortel heile kysthistoria

## • Nytt storverk om norsk fiskeri og kysthistorie

### ANMELDT AV

HARALD KJØLÅS  
harald.kjolaas@smp.no

**Det meste av den offisielle feiringa av grunnlovsjubileet har handla om innlandet og om bondekulturen. Kysten og kystnæringane har nesten ikkje vore med.**

Dette er nok bakteppet for ambisjonen til ei gruppe historikarar og med Leif Grønnevet som koordinator og primus motor, til å skape meir likevekt ved å skrive historia om kysten og kystnæringane, først og fremst fiskeria. Det er ein overdådig skatt dei har gitt oss gjennom fem bind, over 2.700 sider og meir enn tusen bilde og illustrasjonar.

Førsteamanuensis Nils Kollé ved Universitetet i Bergen har vore hovudredaktør for bokverket, og han har også hatt ansvaret for bind 3, perioden frå 1880 til 1970. Første bindet handlar om livet langs kysten frå dei eldste tider og fram til 1720. redaktør for dette bildet har vore professor Alf Ragnar Nielsen frå Universitetet i Nordland. Bind 2, frå 1720 og fram til 1880 har hatt professor Atle Døssland ved Høgskulen i Volda som redaktør, og også hans kollega i Volda, professor Arnljot Løseth, har vore medforfattar her. Bind 4 handlar om perioden frå 1970

### FAKTA

- Norges fiskeri- og kysthistorie i fem bind.
- Førsteamanuensis Nils Kollé ved Universitetet i Bergen har vore hovudredaktør.
- Verket er på over 2.500 sider, og lokalt har professorane Atle Døssland og Arnljot Løseth frå Høgskulen i Volda vore bidragsytarar.
- Verket handlar om fiskeria og kystkulturen frå dei eldste tider og fram til i dag.

– Det er ein overdådig skatt dei har gitt oss gjennom fem bind

HARALD KJØLÅS

til 2014 og professor Pål Christensen ved universitetet i Tromsø har vore redaktør. Som bind 5 har vi fått den første samla framstillinga av norsk oppdrettshistorie, med professor emeritus Edgar Hovland frå Universitetet i Bergen som redaktør.

**Stort prosjekt.** Heile dette store forskingsprosjektet har hatt ein kostnadsramme på nærare 40 millionar kroner, og er eitt av det største prosjekta innanfor humanistisk vitenskap i Norge gjennom alle tider. Sjølve bokprosjektet med sine 22 årsverk kosta 27 millionar kroner, og ikkje minst det å skaffe finansiering har vore Leif Grønnevet sin jobb.

Den skriftlege framstillinga av den norske nasjonsbygginga på 1800-talet og førstninga av 1900-talet har i stor grad handla om bøndene og innlandet. Dette blir også spegla av på musea og i historiske framstillingar der bonden og landbruket har vore i fokus. Dette trass i at storparten av folket her i landet har budd i eit smalt belte langs den

3.000 kilometer lange kysten vår, og at fiskeria har vore den viktigaste eksportnæringa heilt fram til oljealderen.

**Fiskarbonden.** Heile dette bokverket er ikkje berre ei framstilling av fiskeri si rolle og betydning. Det er også ei framstilling av rolla kystsamfunna, kysten og kystkulturen har hatt. I tillegg til sjølve fiskeria med både kvantum, reiskapstypar og båttypar, så fortel desse bøkene om korleis fiskarane organiserte seg, og korleis dei henta impulsar frå utlandet.

Fiskarbonden har spelt ei heilt sentral rolle fram til vår tid, kombinasjonen mellom ei lita bot jord på land og ei kyr som det gjerne var fiskarkona som hadde ansvaret for, og fiskarens ofte farefulle jakt på rikdomane i havet. Dei fem binda tar for seg fiskerihistoria langs heile kysten, og her finst også mykje lokal historie om framveksten av fiskeria i Møre og Romsdal. Klippfiskhistoria er med. Også koplinga mellom fiskerinæringa og oppbygginga av ein offshoreindustri er med.

**Sildeeventyret er med.** Historikaren Jan Veia meiner jamvel av dei vestnorske fiskarane er prega av ein sildekultur prega av fleksibilitet og handlekraft. Silda var rastlaus og lunefull og kunne bli borte. Omstilling var nødvendig. Den nordnorske torskekulturen derimot hadde ikkje same behovet for omstilling. Torsken var stabil og evigvarande. Sunnmøre hadde ein fot i begge leirar, og det letta omstillinga når silda vart borte.

**Komplett.** Vestlandet utvikla ein utstyrsindustri med kunnskap frå fiskeria. Det skjedde i liten grad i Nord-Norge som var prega av at væreigarar og lokale handelsmenn, nessekongar, hadde ei dominerande stilling. Dei brukte kapitalen til luksusforbruk, mens sjølveigande sunnmørske fiskarar med suksess reinvesterte i større båt og betre utstyr.

Det er ei nær komplett fiskeri- og kysthistorie som her er laga, og ho er ført heilt fram til i år. Heile bokverket blir presentert på eit møte i Fiskerimuseet i Ålesund søndag førstkomande.



OVERDÅDIG SKATT: Norges fiskeri- og kysthistorie i fem bind er på over 2.500 sider.